





1	Frå kva for ein opera av Charles Gounod kjem arien «Je veux vivre», som vi høyrer her?
2	I kva for eit fiktivt land overtek Richard Dreyfuss rolla som landets avlidne diktator, i ein film frå 1988?
3	<p>Bruøgler eller tuataraer er dei einaste nolevande representantane for krypdyrordenen Rhynchocephalia. Dei blir opptil 75 cm lange og har ei rad med piggar langs ryggen og halen og også eit "tredje auge". Berre éin art finst att, i kva land lever denne?</p>
4	Kva for ei bueforma fjellkjede i sentral-Europa breier seg over sju land, der Tatrafjella i Slovakia inneheld fjellkjeda sin høgaste topp på 2655 moh?
5	Dersom ein svenske kallar nokon for ein «nollåtta», kva er dette eit synonym for?
6	Kva land ser vi på dette kartet?
7	<p>Kva kallar vi dette korset som var symbol for dei frie franske styrkane under 2. verdskrigen? Korset vert blant anna kalla "patriarkkors" og "dobbeltkors", men her er det eit meir spesifikt ord vi skal fram til.</p>
8	Kva kallar vi den delen av det autonome nervesystemet som gjer det mogeleg for kroppen å reagere hurtig og målretta på fare? Vi reagerer mellom anna med at pulsen aukar, og blodtrykket stig for å auke blodsirkulasjonen.
9	<p>Kva for ein norsk teiknar og reklamemann er særleg kjent for å lage propagandaplakatar for Nasjonal Samling (NS) før og under andre verdskrigen?</p>



10	Kva tyder dette symbolet på ein vaskeseddel?	
11	Kva for ein norsk artist har gitt ut to album under namnet Rockettothesky?	
12	Kva norsk forfattar har skrive dette akrostikonet? <i>I denne Verdens Møisomhed Ved Ordets Lys Gud viste mig En sund Forstand og Ordets Lys Ret kan jeg aldri sige du</i> <i>At kalde os ved Prøvelser Alt hvad jeg ved at sige mer Saa før mig da fremdeles saa Et varigt Haab en stadig Tro Naar da engang mit Livets Band</i>	
13	«Chump Change» med Quincy Jones er kjenningsmelodien til kva for eit radioprogram , som har vore sendt på NRK laurdagar sidan 1977?	
14	I kva for ein idrett har rumenarane Elisabeta Lipă og Georgeta Damian vunne fem olympiske gull kvar?	
15	Den katolske kyrkja feira ordinært jubelår sist gong i år 2000. Kva for eit år skjer dette neste gong?	
16	Kva for ein ideell organisasjon , som vart grunnlagt i 1974, har denne logoen?	
17	Kva heitte dei to ladestadene som i 1811 vart slått saman til kjøpstaden Drammen? Må ha begge for å få poeng.	
18	Kva heiter denne bulgarsk-franske filosofen , fødd 1941? Ho har skrive om fleire emne, bl.a. tekstvitenskap, feminisme og psykoanalyse. I 2004 mottok ho Holbergprisen.	
19	Kva for ei trebokstavsforkorting forbind vi med 4G-mobiltelefoni, på same måte som GSM for 2G og UMTS for 3G?	
20	Kva for ei øving kjem først i sjukamp for kvinner?	

21	<p>Kva for ein fransk kunstnar er kjent for desse over ni meter høge edderkoppene i ulike materiale, kalla Maman (mamma). Verket vart bestilt i 1999 for å passe inn i Tate Modern sin turbinhall, og har seinare blitt flytta og kopierte i fleire eksemplar. Kan bl.a. sjåast i London, Bilbao, Tokyo og Doha.</p>	
22	<p>Kva heiter den danske tv-serien av og med Frank Hvam og Casper Christensen som no i august hadde premiere på sesong 7 der vi kunne sjå Aqua-Lene i ei av rollene?</p>	
23	<p>Kva heiter boka skriven av Rachel Carson som kom ut i 1962? Boka var eit oppgjer med den omfattande bruken av plantevernmiddel som DDT, og var ein vekkar for mange. Boka står på mange lister over dei viktigaste sakprosabøkene frå 1900-talet.</p>	
24	<p>Kva for ein song vart gjort kjent av Doodle Bugs i 1969 og også utgitt av De syngende husmødre i 1984?</p>	
25	<p>Kva for eit kort ord er et kinesisk filosofisk omgrep for energi eller kraft, og namnet eit ope grensesnitt for trådløs batterilading som er utvikla av Wireless Power Consortium?</p>	